

## **FØREBUING TIL Den Kulturelle Skulesekken** **– FRÅ HAND TIL HOVUD, FRÅ HOVUD TIL HAND** **(lærarretteiing).**

1. Hjelp til å bere utstyr, både når eg kjem og reiser.
2. Før eg startar: 30 minutt til klargjering av klasserom; oppsetting av utstyr og testing av det tekniske. Her er det fint om ein lærar hjelper til.
3. Projektor til framvising av presentasjon.
4. Skulen stiller med saks, teip, og teiknepapir (kopiark er best).
5. Elevane stiller med blyant og viskeler.
6. Elevane **må** ha med seg **to tomme sylteglas**, helst så store så mogleg, med glatt overflate, stor opning og **utan** etikett og mønster. Heile etikken og limrestar må vere fjerna. (Det eine glaset er berre til «prøvegraving.») Glasa bør vere mest mulig «rette» (helst ikkje innsvinga øverst), slik at det blir størst mulig flate å gravere på og så stor opning i toppen at dei får handa si nedi. (sjå bilete under). Det er fint om lærarane tek med seg nokre i reserve i tilfelle nokon har gløymt å ta med.



7. Reingjeringstips: La glasa ligge ei god stund i bløyt i vatn. Bruk ein skrubb og litt matolje for å få av limen. Det er viktig at glasa er heilt reingjort, elles blir graveringspennen øydelagt.

8. Om det er to verkstader etter kvarandre, så bør ein bruke same rommet.
9. 20 minutt opprydding.
10. Verkstaden vil vare i 90 minutt utan pause.